

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 04.11.2020

Fylkesdirektør gav følgjande svar:

“Fylkesdirektøren viser til arbeidet med budsjett for Vestland fylkeskommune og den ordinære gangen i budsjetthandsaminga.

Dokument fem skal handsamast i møte i finansutvalet 19. november, ei veke tidlegare enn det som var oppsett i møteplanen. På dette møtet skal finansutvalet gje budsjettinnstilling som går til hovudutvala og deretter til fylkesutvalet og fylkestinget.

KULII vil såleis handsama budsjettinnstillinga på møtet 25. november. Fylkesdirektør vil då kunna gje ei munnleg orientering om innstillinga.

Når det gjeld tilskotsordningane er det berre lagt opp til mindre justeringar i 2021. Utvalet vil, der dette er aktuelt, få eigne saker om justering av retningslinjer for dei enkelte ordningane tidleg i 2021. Dersom det er aktuelt med større endringar i porteføljen av tilskot, bør dette gjerast som resultat av arbeidet med ny regional plan.

Sektorramma for 2021 kjem i prinsippet fram som eit resultat av eit pålagt nedtrekk på kr 3 millionar frå 2020, noko som ligg i økonomiplanen. Til dette er det lagt ei løns- og prisauke på 2.7 %. Fylkesdirektør gjer merksam på at det er 2021-kroner som er lagt til grunn for desse berekningane.

Fylkesdirektør ser at tilskotsmidlar til kulturlivet er særdeles viktige i året vi går inn i, og som truleg i stor grad vil vere prega av pandemien. Ordinær aktivitet innan kunst, kultur og idrett er meir kostnadskrevjande, mellom anna fordi det er vanskelegare å skaffe eigeninntekter. Fylkesdirektør har likevel ikkje funne moglegheiter for auke av tilskotsordningane på dette grunnlaget innanfor den tildelte ramma for 2021.“